
Fra: Naturvernforbundet i Midt-Telemark
<midttelemark@naturvernforbundet.no>
Sendt: søndag 26. mai 2024 23:23
Til: Epost Midt-Telemark Kommune
Kopi: Svenja Doreen Storøy
Emne: Kommunedelplan for Lifjell
Vedlegg: Høyringsuttale kommunedelplan for Lifjell 2024 Naturvernforbundet.pdf

FORSIKTIG: Denne eposten kommer fra en avsender utenfor organisasjonen. Ikke åpne vedlegg og klikk på lenker hvis du ikke er sikker på hvem avsender er og vet at innholdet er trygt.

Hei,

Vedlagt finn de Naturvernforbundet i Midt-Telemarks høyringsuttale i tilknytning til Lifjell-planen. Håpar de kan gje oss stadfesting på at de har mottatt uttala vår.

Beste helsing,

Hans Christian Deilhaug



Naturvernforbundet i Midt-Telemark

Bø, 26.05.2024

Naturvernforbundet i Midt-Telemark viser til framlegget til kommunedelplan for Lifjell som ligg ute på høyring. Me viser også til tidlegare høyringsinnspel frå oss i samband med oppstart av planarbeidet, for ytterlegare utdjuping av våre prinsipielle og overordna vurderingar i denne saka.

Det er positivt at kommunen innleiingsvis framhevar overordna føringar for bevaring av økosystem, naturmangfald, kulturmiljø, friluftsområde og viktigheita av gode naturkartleggingar. Kommuneplanens samfunnsdel har klare målsetjingar om å sikre naturmangfald og om at bygging av fritidsbustader skal skje ved fortetting i tilknytning til eksisterande område for fritidsbustader. Kommunens administrasjon har undervegs i denne prosessen også gjort fleire gode vurderingar når det kjem til å sile ut område ueigna for utbygging. Det vil me gje administrasjonen ros for, og det er beklageleg at formannskapet i siste behandling har tatt inn fleire område som kjem i klar konflikt med store natur- og friluftslivinteresser.

FB11

Dette regulerte området er ikkje bygd ut. Ei utbygging her vil ikkje vere ei fortetting, men ei utviding av utbygd areal og området overlappar delvis ein naturtype registrert som sterkt truga ('EN' i raudlista) rik gransumpskog av høg kvalitet. Naturmangfald for denne naturtypelokaliteten er vurdert til å vera stort. Også for dei delane av utbyggingsområdet som ikkje direkte rår naturtypen, vil ei utbygging medføre ei «innkapsling» av lokaliteten sidan fleire hytter allereie finst i nærleiken i dag. Dette vil føre til at den samla belastninga på naturtypen blir uforsvarleg stor. Ein annan svært verdifull og sterkt truga naturtype med nemninga 'slåttemyr' (EN), ligg også i nærleiken til det føreslåtte utbyggingsområdet. Denne er vurdert til å ha høg kvalitet med eit stort naturmangfald.

Utbyggingsområdet er i dag regulert, men planen kan opphevast utan at dette er erstatningspliktig sidan byggeløyve så langt ikkje er gitt. Det at eit område er regulert, gjev ikkje i seg sjølv grunnlag for krav om erstatning, slik det ifølgje enkelte har blitt hevda.

FB19

Ei utbygging i dette området oppunder Bøkstulnatten vil ikkje vere ei fortetting, men reelt sett ei kraftig utviding av utbygd areal oppover Lifjell. FB19 er da også i konflikt med omsynssone H530, altså markagrensa. Friluftslivet vil lide betydeleg skade som resultat av ei utbygging i dette området. I tillegg vil utbyggingsområdet råke to verdifulle naturtypar av høg kvalitet med påviste raudlisteartar, noko som vil vera svært uheldig med tanke på direkte inngrep, samla belastning og at naturtypane ikkje lenger blir del av eit større samanhengande område fritt for tyngre tekniske inngrep av betydning. I eit klimaperspektiv er det også veldig uheldig at myr vil bli råka av utbygging. Området er også potensielt utsett for snøskred.

FB20

Dette er eit område som hovudsakleg består av ei stor myr. Kommunen har sjølv påpeikt viktigheita av å bevare myr. Det er i planomtala påpeikt at punkta 1.16 og 3.2.2 i føresegnene vil ivareta bevaring av denne myra. Desse punkta i føresegnene forbyr bygge- og anleggsarbeid på myr og innanfor område avsett til omsynssone myr. Det er vanskeleg å forstå korleis ein skal unngå bygge- og anleggsarbeid på myr når byggeområdet hovudsakleg består av myr. Det er også vanskeleg å forstå korleis ei føresegn for omsynssone for myr, skal kunne vere relevant for denne myra når den ikkje er vist med denne omsynssona i planen. Myra er jo vist som byggeområde for fritidsbebyggelse. Alt dette kjem altså i tillegg til at det å byggje ned myr ikkje bør skje av både natur- og klimaomsyn. Ei bygging vil vera heilt i utakt med nasjonale forventingar knytt til bevaring av myr.

FB21 Grostul

Dette utbyggingsforslaget er svært problematisk og i strid med markagrensa. Utbygging her representerer ikkje noka fortetting, og vil ikkje minst øydeleggje den kartlagde gammalskogen som fagbiolog har vurdert til å ha svært høg kvalitet. Dette er ein intakt gammalskog med svært gamle tre og mykje ståande og liggjande daud ved, og har dermed, slik biologen peiker på, gode habitatkvalitetar for ei rekkje artar. Raudlisteartar er påvist her, og generelt er naturmangfaldet for lokaliteten vurdert til å vera stort. Slik kommunen også har peikt på, vil eksisterande myrområde også bli råka av ei utbygging.

Ei utbygging i det føreslåtte området vil også vera svært konfliktfylt opp mot friluftslivet, der ei av hovudløypene går midt gjennom området. Delar av området brukast mykje til skileik og annan rekreasjon. Det vil ikkje vere mogleg å leggje om denne ski-/turløypa på fornuftig vis. Eit siste poeng er også at store delar av området er lett å ferdast i, noko som er viktig for at folk i alle aldrar skal få glede av fjellet. Området må derfor, både av natur- og friluftssyn, ikkje leggjast til i planen som hytteområde.

Avsluttande merknader

Dei fire byggjeområda omtalt ovanfor må takast ut av planen for å bevare og vidareutvikle natur- og friluftslivskvalitetane på Lifjell. Tida for stadig bit-for-bit-nedbygging bør vere forbi. Dette er største drivaren til naturtap i Noreg, og kvar enkelt kommune må ta sin del av ansvaret for å bevare natur lokalt. Det siste året har aktørar som NRK vist tydeleg kor stort naturtapet har vore på grunn av arealpolitikken som så altfor ofte førast i kommune-Noreg. Det er fundamentalt gale og i strid med intensjonane i naturmangfaldlova at økonomiske omsyn alltid skal få forrang der økonomiske og naturverninteresser kjem i konflikt. Utbygging og terrengtilpassing etter moderne standardar inneber dessutan ofte ei total omdanning av eksisterande terreng til planerte flater, skråningar, vegar og fyllingar, og Lifjell har nok av dette nå. Det vil slik sett også vera ønskeleg at kommunen stiller strenge krav til dimensjonering og landsskapsomsyn for hytter som skal oppførast i framtida. Til sist må fortettingsprinsippet følgjast strengt, ikkje minst for at det i framtida ikkje skal bli eit stadig press på å utvide hytteutbygginga på Lifjell. I så måte er det svært gledeleg at kommunen i utgangspunktet har lagt opp til ei markagrense. Det er eit stort steg i rett retning.

For styret i Naturvernforbundet i Midt Telemark

Hans Christian Deilhaug, leiar

Dag Steinar Ragvin, styremedlem